

Melding om oppstart av arbeid med revisjon av kommunedelplan for klima og energi for Skjåk, Lom og Vågå kommunar - offentlig ettersyn av framlegg til planprogram

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 har planutvala i Lom, Vågå og Skjåk kommunar gjort vedtak om å starte opp arbeidet med revisjon kommunedelplan for klima og energi. I framlegg til planprogram blir det lagt opp til ein felles kommunedelplan for alle tre kommunane, men med separate tiltaksdelar for kvar kommune. Planprogrammet blir med dette lagt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-13.

Planprogrammet skal avklare rammer, premisser og føremål med planarbeidet. Det skal seie kva for problemstillingar som vil bli behandla, og kva for kunnskapsinnhenting som er nødvendig for å gjennomføre planarbeidet. Vidare skal framdrifta for planprosessen og opplegg for å sikre medverknad frå innbyggjarar og offentlege aktørar/ myndigheiter gå fram av planprogrammet.

Ansvarleg myndigheit for endeleg behandling og godkjenning av planprogrammet er formannskap/ kommunestyre i dei tre kommunane.

Framlegget til planprogram er tilgjengeleg på kommunane sine heimesider og servicetorg.


Innspel til planarbeidet, og uttaler til planprogrammet kan sendast innan **12.02.2018** til:

Skjåk kommune; Moavegen 30, 2690 Skjåk eller e-post: post@skjaak.kommune.no

Lom kommune; Sognefjellsvegen 6, 2686 Lom eller e-post: post@lom.kommune.no

Vågå kommune; Edv. Stormsveg 2, 2680 Vågå eller e-post: postmottak@vaga.kommune.no

Med helsing



Sander Sælthun

Vedlegg:

- framlegg til planprogram for revisjon kommunedelplan for klima og energi 2018-2024 for Vågå, Lom og Skjåk kommunar
- utskrift av saksprotokoll vedtak om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn planprogram sak 86/2017 i Lom formannskap